



Bergsøy IL Handball ÅRSMELDING 2023

1. ADMINISTRASJON

1.1. STYRET OG UTVAL ETTER ÅRSMØTET 2022

Styret:

Leiar:	Øyvind Bostad
Nestleiar:	Roar Aasen
Styremedlem:	Cecilie Zahl
Styremedlem:	Margareth Leinebø
Styremedlem:	Sveinung Gjølseth
Varamedlem:	Cecilie Sporsheim
Rådgivar til styret:	Stig Vestnes

Valnemnd:

Maria Remøy og Hanne Reite Keyn

Utval:

Sportslegutval S:	Roar Aasen (Leiar), Nils Christian Nørvåg, Jørn Remøy, Sveinung Leine
Sportslegutval Br:	Roar Aasen (Leiar), Pelle Kvalsund, Cecilie Zahl, Lena Skår Kragseth, Emil Andreas Raknes, Kristine Håheim Vike
Dommarkontakt:	Emil Andreas Raknes , Lena Marita Skår Kragseth
Sekreteriat ansvarlig:	Dagleg leiar
Arrangementsutval:	Linn Therese Sævik (Leiar), Eivind Sævik, Thea Frøystad, Therese Johansen, Karina Hjelmseth, Endre Leine, Anny Loraine Ulstein, Cecilie Zahl, Erik Mogstad, Guro Hyde Kvalsvik, Haldor Hjelmseth, Inga-Lill Slenes Bjørnstad, Margareth Jensen, Mariann Leine, Reimond Flusund, Silje Mari Skorpen-Nygjerde, Stine Voldsund Kleven
Arrangement H1:	Cecilie Zahl, Cecilie Sporsheim, Margareth Leinebø, Bjørnar Bendal, Mona Myrvang, Endre Leine, Hans Petter Moltubakk, Tone Nørvåg, Tore Djupvik, Vegard Notøy
Markedsutval:	Sveinung Gjølseth, Jan Erik Myrseth, Mikael Maikipera, Håvard Notø og Eldar Lillerovde
Materialforvaltar:	Cecilie Sporsheim

Bergsøy Idrettslag Handball

Lisjebøvegen 12 6091 Fosnavåg
handball@bergsøy.no



Dagleg leiar: Emil Andreas Raknes

Kioskleiar: Endre Leine

Styremøter:

Det er avvikla 9 styremøte og handsama 67 saker.

Bergsøy IL handball har vore representert på sonemøter og andre møter i regi av NHF Region Nord.

1.2. INFORMASJONKANALAR

Facebook: <https://www.facebook.com/BergsoyILHandball/>

Bergsøy IL Handball si Facebook side har vore hovudkanal for informasjon frå og om Bergsøy IL Handball. Her har vi lagt ut informasjon og nyheiter. Vi oppdaterer sida til ei kvar tid. Det er lagt ut informasjon om kampar og arrangement. Kamppreferat som har blitt sendt inn har blitt lagt ut på Facebook, men vi skulle gjerne sett at vi fikk inn frå fleire lag slik at vi kunne fått fram breidda av lag på ein endå betre måte.

Dei fleste lag har også eigne Facebook grupper som blir brukt til intern kommunikasjon mellom trenar, lagleing, spelarar og føresette.

WEB: <https://bergsøyhandball.no>

Etter opprykk til 1 div. valgte vi å etablere ny nettside via Norsk Topphandball.

Her har det blitt lagt ut informasjon om klubb, kamper, kamppreferat.

I tillegg er er integrasjon mot forbundet slik at det kjem automatisk statistikk og anna informasjon

Det er også eigne facebook grupper for trenarar, oppmenn, dommarar, kiosk etc.

Styret har eiga Messenger gruppe som blir brukt til kommunikasjon mellom styremøta.

Lokale medier

Noko av kampaktiviteten vår har vore annonsert i Vestlandsnytt. Lokalavisa har laga fleire reportasjar frå dei fleste H1 kampane gjennom sesongen. I tillegg har også Sunnmørsposten dekt enkelte kampar.

Sportsheim har også laga fleire reportasjar rundt H1, både i forkant og etter kampar.

Publisiteten frå desse mediane er viktige for å synleggjere handballen. Men vi bør bli flinkare til å få dei aldersbestemte laga til å sende inn kamppreferat og bilete frå sine kampar.

2. SPORTSLEG AKTIVITET

2.1. AKTIVITET I 2023

Bergsøy Idrettslag Handball

Lisjebøvegen 12 6091 Fosnavåg
handball@bergsøy.no



Våren 2023 rykte herre laget opp i 1 divisjon. Dette blei et stort løft for Bergsøy IL Handball, men har også skapt ekstra arbeid og litt utfordringer.

Vi har fått flere krav til oss som klubb og har måttet dokumentere rutiner og planer. I tillegg har det å spille i 1 divisjon ført til økte kostnader, då spesielt reisekostnader.

Vi valgte å inngå en prestasjonsavtale med Spjelkavik handball for å kunne bruke spillere derifra.

Vi har i sesongen 2023/2024 også hatt lag både i 4 divisjon (herrer), 5 divisjon (damer), G16 har deltatt både i Bring og Regionserien.

Vi har gjennom både sesongen 2021/2022 og 2022/2023 hatt lag frå mini (1-3 klasse) og opp til senior både for jenter og gutar. Dei fleste aldersbestemte laga deltok på forskjellige cuper i 2023, blant anna Rosecup og Nordfjordcup.

Bergsøy United har hatt flott aktivitet gjennom året og har deltatt på turneringar i hjerteligaen tilknytta Region vest.

Vi har følgende lag for 2023/2024 sesongen

BARNEHANDBALL (6-12 ÅR)		UNGDOMSHANDBALL (13-20 ÅR)	
Jenter	Gutar	Jenter	Gutar
Mini 1-3 klasse (23stk)		J13 (13stk)	
J09 (13stk)	G09/10 (8stk)	J14 (9stk)	G13/14 (10stk)
J10 (11stk)		J15/16 (15stk)	G16 (9stk)
J11 (16stk)			
J12 (17stk)	G11/12 (15stk)		
SENIORHANDBALL			
Damer 5 divisjon (19stk)		Herrer 4 divisjon (9stk)	
		Herrer 1 divisjon (12stk)	
Bergsøy United, miksa lag (17stk)		Lagledere/trenar (23stk)	

*lagleierar som er aktiv som spelar, er talt opp som spelar og ikkje inkludert i antall lagleder/trenar.

Totalt aktive spillere i 2023: 239stk

2.4 ARRANGEMENT I 2023

- REMA 1000 handballskule i vinterferien
- Årsmøte den 23.03.2023
- Handballens dag 2023 vart arrangert torsdag 3 mai 2023.
- REM Cup 2023 gjekk av stabelen 16 september, vi hadde totalt 16 lag som deltok med totalt 28 spelte kampar fordelt i Herøyhallen.
- Mini Cup 2023 vart gjennomført 30 september, med 6 lag og 8 kamper i Herøyhallen.

Bergsøy Idrettslag Handball

Lisjebøvegen 12 6091 Fosnavåg
handball@bergsoy.no



- Berg-Hansen handballskule i haustferien 2023

Vi har fått litt for lite påmeldingar til Cup'ane og det må vi jobbe for å auke.

2.5 TRENARSITUASJON

Bergsøy Handball har hatt trenarar på alle lag gjennom året. Nokre trenarar har hatt ansvaret for fleire lag. Vi ser at det har blitt vanskelegare å frivillige til å ta på seg trenaroppgåver noko som har ført til at vi må lønne trenarar i alle aldersgrupper.

2.6 DOMMARSITUASJON

Dommarsituasjonen har betra seg gjennom året. Det har blitt arrangert Dommer Barnehandball kurs og der deltok dei fleste J14-J15 spelarane.

Lena har tatt dommerveileder i 2023

Emil har tatt D1 i 2023

3 PRAKTISK ORGANISERING

3.1. TRENINGSTIDER

Bergsøy IL Handball har treningstider kvar dag i Einehallen og Herøyhallen. Herøyhallen har vore prioritert for senior og ungdomshandballen som brukar klister. Einehallen skal fortrinnsvis være ein klisterfri hall.

3.2. MATERIELL

Bergsøy Handball har som dei siste åra også gjennom 2023 hatt Intersport Fosnavåg og Assistco (Hummel) som vår draktleverandør. Kontrakta som vi hadde der gjekk ut i 2022, det vart henta inn tilbud frå fleire leverandørar hausten 2022, etter gjennomgang av disse vart det inngått ei ny avtale med Intersport Fosnavåg og AssistCo gjeldande frå 01.06.23

3.3. Treningsavgift

Etter opprykket til 1 div har vi i samarbeid med fleire av våre sponsorar fjernet treningsavgifta til alle barn opp til 10år.

4 ØKONOMI

Fokus Rekneskap har levert rekneskap 2023 for Bergsøy IL Handball

Driftsinntekter 2023	kr 4 506 242,-	(2022 kr 3 266 735,-)
Driftskostnad 2023	kr 4 596 447,-	(2022 kr 3 738 217,-)
Årsresultat 2023	kr -90 205,-	(2022 kr -471 482,-)



5 KONKLUSJON

Sesongen 2022/2023

Aldersbestemte lag starta opp med kampar 24.09.22, sesongen for dei aldersbestemte laga gjekk fram til 15.04.23. Fleire av dei aldersbestemte laga avslutta sesongen med deltaking på Rosecup i Molde 21-23 april 2023.

H2 spilte 15 april 2023 kamp mot Kolstad 2 og vant kampen. Dei sikra dermed opprykk til 1 divisjon.

Handballåret 2023 har vore både gledeleg og utfordrande. Vi har sett gode resultat og mykje handballglede både blant våre aldersbestemte og våre seniorar.

Vi ser at vi fortsatt etter pandemien slit litt med rekruttering på enkelte lag, i tillegg har det generelle kostnadsnivået i Norge auka kraftig gjennom året og gjort at mange har fått nye utfordringar. Dette merkar også vi som handballklubb. 2023 har vore eit utfordrande år økonomisk også for Bergsøy IL Handball, dette er ein kombinasjon av auka kostnader i tillegg til eit etterslep som no gjer seg gjeldande.

Vi har utfordringar på lik linje med idretten generelt i å få frivillige til å stille på dugnad og ta på seg nødvendige verv i klubben. Handball er ein lagidrett og vi er heilt avhengig av at folk ønsker å være lagspelarar også utanfor bana, alle kan bidra med noko. Det å være med å bidra i klubben er ei positiv oppleving som vi ønsker at flest mogleg skal få ta del i.

Styret vil takke alle dei som har vore med på bidra i klubben enten det er dugnad i kiosk, verv som tillitsvalde, trenarar, lagleiarar, sekretariat, hallansvar og alle andre som har bidrege til gjennomføring av klubben sine aktivitetar i 2023. Vi vil også takke alle som har kome i hallen og heia små og store handballspelarar fram!

Takk til alle som har bidrege for Bergsøy IL Handball i 2023!

Styret Bergsøy IL Handball


Øyvind Bostad
Styreleiar


Roar Aasen
Nestleiar


Cecilie Zahl
Styremedlem

Margareth Leinebø
Styremedlem


Sveinung Gjelseth
Styremedlem